

Institutt for filosofi, idé- og kunsthistorie og klassiske språk

VÅREN 2007

Heimeeksamen

Emne: KUN2000/4000 - Estetikkens historie

Utlevering av oppgåve: **måndag 7.mai 2007**, ekspedisjonen IFIKK, fom. kl.10:00.

Innlevering av svar: **torsdag 10. mai 2007**, ekspedisjonen IFIKK, innan kl. 14:00.

Svaret skal leverast i **2 eksemplar i opningstida til ekspedisjonen** (10:00-14:00).

Svar på éi av fylgjande oppgåver.

Anten

Forholdet mellom kunst og sanning har vore ei sentral problemstilling i estetikken frå antikken og opp til moderne tid. Diskuter forskjellige tilnærmingar til dette spørsmålet, med utgangspunkt i nokre utvalde filosofisk-estetiske posisjonar.

eller

Sentralperspektivet i renessansen impliserer ei bestemt oppfatning av forholdet mellom subjekt og objekt. Diskuter dette i høve til den grunnleggjande kritikken av denne oppfatninga av visualitet og kunnskap, slik me finn det hos fenomenologen Merleau-Ponty.

Omfang: 7-9 sider. Evt. bilete er vedlegg, og blir ikkje rekna med i sidetalet. Tiltrådd skrifttype er Times New Roman (12 punkt) med 1 ½ linjeavstand. Oppgåva blir vurdert med bokstavkarakterar A-F. A er beste karakter, F er stryk.

For ein utfyllande instruks om innlevering av oppgåve, og nedlasting av forsider og fuskeerklæring, sjå: <http://www.hf.uio.no/ifikk/studier/hjemmeeksamen.html>